



Kandidatar i kåringa av
Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde

Dato: 11.12.2015
Vår ref.: 2014/17340-37
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.: «REF»

Til alle nominerte kandidatar i kåringa av Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde 2015

Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok i møte 11.11.2015 å dele utmerkinga som Hordaland sitt mest attraktive friluftsområde mellom to kommunar som kvar får kr 15.000,-

Askøy kommune Herdla fort og Austrheim kommune Vardetangen og Årvika friluftsområde.

[Den offisielle markeringa fann stad på Fylkestinget 9. desember.](#)

Det har vore utfordrande å velje ut dei friluftsområda med størst attraktivitet. Ein fagjury med representantar frå Fylkesmannen, Ungdommens fylkesting, Forum for natur og friluftsliv i Hordaland og Knut Langeland (journalist i Bergens Tidende og forfattar av turbøker) har kome med innspel til saka. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Friluftsrådenes landsforbund var også invitert til å delta i fagjuryen.

For å kåre ein vinnar har fagjuryen har valt å setje fokus på korleis friluftsområda er tilrettelegging for ungdom og ny aktivitet. I regional kulturplan 2015-25 er ungdom eit gjennomgåande fokusområde, og det er såleis viktig å løfte fram gode døme på tilrettelegging for aktivitetar for denne målgruppa.

Det er inga enkel sak å skulle velje eit område framfor eit anna, for alle kandidatane har gode verdiar og kvalitetar. Dei nominerte friluftsområda er ein viktig del av nærmiljø og daglelivet til brukarane av områda, men har og stor regional tydnad.

Friluftslivets år går mot slutten, men arbeidet de gjer går vidare og Hordaland fylkeskommune ønskjer lukke til med vidare utvikling av friluftsområda og friluftslivet i dykkar kommunar. Vi ser fram til vidare samarbeid.

Vedlagt følgjer ein til alle nominerte – ei slakk line, som vi håpar kan vere med å oppmuntre til aktivitet under arrangement eller kanskje på kommunehuset?

Takk for deltakinga!

Per Morten Ekerhovd
Konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.